



Statens vegvesen

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
18/83926-5

Dykkar referanse:
18/1244 - 18/17181

Vår dato:
18.06.2018

Uttale – Dispensasjon – Byggjegrense – Fv. 57 – gnr. 94 bnr. 8 – Skodvin nedre – Skodvin Montessoriskule – Lindås kommune

Statens vegvesen syner til brev mottatt 04.06.2018.

Kva saka gjeld:

Skodvin montessoriskule har søkt om løyve for å oppføre eit mellombels brakkebygg som skal nyttast til undervisning og grupperom.

Planstatus:

Eigedomen er uregulert og er avsett til område for offentleg og privat tenesteyting jf. arealdelen av kommuneplan for Lindås. Det er søkt om dispensasjon frå plankrav og dispensasjon frå byggjegrense langs veg.

Området er under regulering gjennom *Fv 57 - gang- / sykkelveg Skodvin - Vågseidet*. Denne planen skal no leggast ut på høyring.

Uttale:

Byggjegrense langs veg skal ivareta trafikktryggleiken, vegvedlikehaldet og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet langs vegen.

Skodvin montessoriskule ligg i kryssområdet langs fv. 57 og kommunal veg som går forbi skulen. Forutan 50 meter byggjegrense langs fylkesvegen, gjeld det 15 meter byggjegrense langs gang- og sykkelveg. I tillegg er det eigne byggjegrensar i kryssområdet og langs kommunal veg.


Det er søkt om løyve til å oppføre ein mellombels brakkebygg som skal stå i to år. Det er opplyst at tiltaket er plassert 48 meter frå vegmidte til fv. 57 og 32 meter frå gang- og sykkelveg. Tiltaket ligg også utanom byggjegrensa til kryssområdet.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø



Situasjonsplan. Skodvin skule.

Vi har etter ei samla vurdering ikkje merknad til mellombels plassering av brakkebygget. Det må setjast som vilkår at bygget ikkje skal vere til hinder for det pågåande planarbeidet og realisering av dette prosjektet.

Kommunen ber og om ei vurdering ut i frå at tiltaket vil krevje utvida bruk av avkøyrsløse til kommunal veg. Det er særleg viktig å ha fokus på trafikktryggleiken i eit område der mjuke trafikantar ferdast. Dette gjeld til dømes løysingar for gangsamband frå kollektivhaldeplass til skule, hente / bringe, parkering, varelevering med meir. Området har dårlege trafikale løysingar. Gjennom det pågåande planarbeidet er det foreslått meir optimale løysingar som tek i vare desse forholda. Det kan likevel gå lang tid før tiltaka i planen vert gjennomført. Lindås kommune må vurdere om det er behov for å stille krav til utbetring når elevtalet no vert auka, særleg dersom auken vert permanent.

Sluttord:

Statens vegvesen har ikkje merknad til brakkebygget slik det er omsøkt. Det må setjast vilkår at løyve berre gjeld for to år og at det ikkje skal vere til hinder for å realisere tiltak i samsvar med det pågåande planarbeidet for området.

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
faggruppekoordinator

Tone Bøyum
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.